

Saksnr: 2019/80-1  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019

**Møtedato 1. halvår for klagenemnda Vestland fylkeskommune**

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner møteplan for klagenemnda Vestland fylkeskommune med følgjande datoar: 28. januar, 31. mars og 26. mai.

**Samandrag**

Klagenemnda i Vestland fylkeskommune vart vald på det konstituerande fylkestinget 15.10.19. Det er ikkje fastsett møteplan for klagenemnda, og det er ikkje lagt opp til at nemnda skal møte før utgangen av året 2019. Det er difor naudsynt at fylkesutvalet vedtek møteplan for første halvår no. Det er satt opp møteplan for eitt halvt år slik at den nye nemnda i sitt første møte har høve til å gje innspel til vidare møteplan.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
påtroppande fylkesdirektør for  
organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Klagenemnda i Vestland fylkeskommune vart vald på det konstituerande fylkestinget 15.10.19. Det er ikkje fastsett møteplan for klagenemnda, og det er ikkje lagt opp til at nemnda skal møte innan utgangen av året. Det er difor naudsynt at fylkesutvalet vedtek møteplan for første halvår no. Det er satt opp møteplan for eitt halvt år slik at den nye nemnda i sitt første møte har høve til å gje innspel til vidare møteplan.

Basert på den vedtekne møteplan for 2020 i det konstituerande fylkestinget 15.10.2019 er følgjande møtedatoar for den fylkeskommunale klagenemnda lagt til grunn:

1. Tysdag 28. januar
2. Tysdag 31. mars
3. Tysdag 26. mai

### Vedtakskompetanse

Ifølgje ny kommunelov § 11-2 skal det haldast møter i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organets leder mener det er nødvendig
- c) Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Ettersom organet sjølv ikkje er innkalla til eit første møte er det fylkestinget som har mynde og høve til å fastsette møteplan. Det er ikkje presisert at det er fylkestinget sjølv som må vedta ein slik møteplan.

I delegeringsreglementet for fylkesutvalet er følgjande fastsett:

«2.1.7. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.»

Mynde til å fastsette møteplan er ikkje lagt til andre organ eller regulert i lov. Fylkesutvalet har dermed vedtakskompetanse til å gjere slike vedtak.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikke relevant

**Klima:** Ikke relevant

**Folkehelse:** Ikke relevant

**Regional planstrategi:** Ikke relevant

### Konklusjon

Fylkesutvalet vedtek møtedatoane som vert lagt til grunn i saka.